

Det er rest skam at ein gammal kårkall skal stå her på talarstolen i kveld. Det skulde ha vore ein ungdom med eld og glod. Er det eit ~~merke~~^{symbol} på at jordbruket i dag er blitt so åreforkalka at underhaldninga høver best for gamle. Men når alt kjem til, so har eg ikkje lova å snakke her i kveld. Eg sa med Karl Kvammen etter ei akkedering at eg fekk no tenkje på det ei lita stund, so skulde han få høyre frå meg. Men då eg vilde gje han besked var namnet mitt alt kome på plakaten.

Min gode ven kaptein Råheim frå Viksdalen hadde ein gong i eit elektrisitetsmøte funne eit flott fransk ord : fait accompli. Det betyr fullbyrda kjensgjerning, som det ikkje er råd å rikke. Og det skal vere visst at det har vore mange slike fullbyrda kjensgjerningar i elektrisitetsstellet. Dette var også eit Fait accompli. ~~TikkxoszkingxfrokxKvammen~~ Moralen er: gje aldri Karl Kvammen veslefingeren, for då veit du kva det grå. Ja orsak samanlikninga, det var ikkje meinings å samanlikne Kvammen med visse andre personar som utnyttar veslefingren.

Med omsyn til åreforkalkninga i jordbruket, so lyt eg fortelje at eg råka Hjellum frå Brekke ein gong han kom frå lanbruksstyremøte i Førde. Eg spurde han kor det stod til ned jordbruket i fylket no, og han let berre vel. Eigedomssstrukturen - eit kunstig ord, - eigedomssstrukturen vart betre etter kvart, det var stor oppgang i mjølkekastninga, stor interesse for nydyrkning o. s. s. mykje nyplanting av skog. Dei skulde no eksperimentere med kooperative stølar. o. s. br. Dette var nett på den tid då den amerikanske valkampen var på høgda. De veit det var so mykje strid om Amerikas prestisje. Hå tenkte eg, her ligg prestisjehunden begraven. Han nemner ikkje noko om avfolkings av bygdene, endå Brekke er kome ned i under 800 i folketal, han nemner ikkje dei tome jordbrukskulane, han nemner ikkje dei gardane som folk flytter frå, han nemner ikkje om kriza i fruktgyrkingsa, han nemner ikkje noko om at dei gjer

Noreg mindre, som bendik i Mylsdal seier, når fjellbeita vert liggjande unytta. Den største framgang vedkorande jordbruket, det ser ein i administrasjonen i fylkeslandbruksstyret, som har svulma opp til det urimelege, den same administrasjonen som Lunde greidde åleine med ei skrivemaskindame og som alle var tilfreds med. No har dei juristar tilsette, og dei har drive det so vidt at dei fører sak like til Høgsterett om eit hundre kroner men den vesle mannen i Eikefjord, og attpåtil taper med glans. Det er ein engelsk skjemtegauk som heiter Parkinson. Han har med utgangspunkt i det engelske kolonidepartementet rekna ut at til mindre arbeid det er å gjere i ein institusjon, til meir folk tilset dei. Dei engelske kolonianen er minka ~~xx~~ til mest ingenting, men det engelske kolonidepartementet har svulma opp. Parkinson har rekna det ut matematisk, korleis talet på tilsette i ein institusjon svarar automatisk etter kvart som arbeidsmengda går ned. det er dette han kaller for Parkinsons lov. $a + b \cdot a + b = 8$
Det måtte vere ein ide for Nordbø å studere den.

Ja alt dette tenkte eg berre, eg torde ikkje seie det med Hjellum.

+ + + + +

Det er eit ord som heiter røynsle, Erfaring. Eg har treft dei som har spurt med om mine røynsler. Det er eit gammalt ordtak som seier at ein skal høyre etter når gamle hundar gjør. ~~Ekkhazzx~~ Me som har opplivt 2 verdenskrigar, og noko på den tridje skulde for so vidt ha røynt noko. Men det nye som kjem det har me ikkje røynsle for. Og kor mykje nytt har det ikkje kome. Eg var vaksen då eg såg den fyrste motorbåten, og var teken til i arbeid, då eg såg den fyrste bilen.
fjorden
Eg hugsar ~~bikkens~~ full av sognejakter når det kom sunnanvind. på veg heim frå Bergen, og likeeins av kyrkjebåtar om preikesundagane. ~~Øyfjellene gav ro og lupe~~
Eg hugsar dalingane kom køyrande i karavaner til Lavik. Alt dette er no borte saman med oljelampa. Røynslene lyt ein gjer etter kvart som tida forandra seg. So eg har ikkje noko røynsle å gje nokon lerdom av. Og skulde eg ein eller annan gong sei at det er min erfaring so

so skal de ikkje rette dykk etter det. I etter krigsåra etter den fyrste heimskrigen, veit de at fylket hadde Ålfotskandalen. dei som gjekk med på dette her i fylket var eldre ærverdige ordførarar med mykje røynsle, og det var ingen som opponerte. Det var eit heilt nytt felt for dei. De veit korleis det gjekk. Fyrst gjekk Ålfotselskapet konkurs, deretter alle kystkommunane som var med i det, deretter fylket. Takka vere dei ærverdige ordførarne i 1922 .

Det er eit spørsmål som reiser seg no for dei fleste bønder: Skal eg gå over til traktor i staden for hest i jordbruket? Eg trur det er mange som har grubla over det. Noko røynsle for det har me ikkje endå, likevel ser me at traktoren har framgang. Hestealte gjekk ned med 9000 i 1960 her i landet. Det er nok dei som gjev råder; men eg trur den er klokast som ikkje fylgjer blindt alle råder.

~~Hva er det som skal skape en god landbruk?~~

+ + + + +

Eg trur eg nemnde med Kvammen under forhandlingane , at ge no var slik innstilt at eg kom til å fornærme folk. No har eg sjøl sagt fornærma Kvammen, og Hjelleum , og Rasmus Nordbø, og alle Ålfot-kommunen edførarane, og skulefolka. Ja ein vert so med åra. Respekten for autoritet og sakkunskap vert heilt borte Når ein ~~nånn~~ rår til at Du skal ta til med mink, so reagerer ein soleis at ~~Det~~ vert det ikkje tale om. Rår han frå å plante frukttre - ja me høyrer no om det no- ja so reagerar ein so at ein plartar, kort sagt ein gjer tvert imot det som sakkunna rår til. Og Når dei snakkar om store utvindingar av skulen med 4 og 5 dagar og 8 og ni år, so murrar ein over kva tid ungane skal få lære noko dei har bruk for i livet. Dei kunde berre slutte med forklaringa til Luthers little kakisme som er heilt forelda, so fekk dei timar til overs. Og ~~det~~ vert soq oftast sagt Nein sårandatone. Eg veit ikkje om de hugsar ein mann som heitte Jon Sæland, saueSelanden. På sine gamle dagar tok han til å skrive og han var ei eldsjøl når han arbeide for ein ting. Men ein gong hadde han kritisert trygdelaga for husdyr, eg trur det var Odin, og kalla dei for " lus på bonderyggen". Dette vart for mykje,

og han vart truga med soksmål, og måtte offentleg ta attende dette.

Då eg las denne hans Canossagang, kom eg uvilkårleg til å tenkje på Galileo Galilei, som hadde oppdaga at sola stod roleg og at jorda gjekk rundt sola. Dette vekta so mye oppsikt hjå kyrkja og teologane at han vart klaga for vranglære. Det var imot bibelen. Og Galilei måtte og offentleg ta attende det han hadde sagt. Men då han skulde ut or rettslokålet sa han : Her er nok jorda som går likevel. Og det sat att ein liten mistanke om at kanskje hadde Seland rett likevel.

Ja soleis vert ein med åra. Og det er ikkje berre autoritet og sakkunnskap ein får ein ikkje vyrder, alle talemåtar, seremoniar og utgreidinger har ein den største skepsis for. Når Gerhardsen i sin nyårs tale snakkar om att og om att om den store velstandsøkingen, so er reaksjonen slik: Ja dette har me høyrt før. Gunnar Knudsen sa i 1918 Jeg ser fram til den dag da vi alle er rike. Det var berre ein stor såpeboble. lo år etter var alle folk i Noreg fatige. Eller Spør bonden om han har sett velstandsaukinga, dei er 20 % av folket i noreg, eller fiskarem 8 % av folket, han vil vel helst snakke om velstandsminking.

Og når ein hører om bryllupsfestane i Oslo med pomp og prakt og reporterer frå Kringkastinga med øreklyngande røyst, då seier ein gjerne for seg sjøl: Ho var gjerne betre faren ho som slapp denne brudgommen enn ho som fekk han.

Men øreklyngene mest skeptisk innstilt vert ein overfor alt som heiter propaganda. Har de nokon gong høyrt på dei austtyske radiostasjonane. Kvar gong eg har fått tak i ein av dei har dei propaganda i eteren anten i foredrag eller nyheiter. På meg verkar det i motsatt retning, og eg kan ikkje skjønne at det skal vere til noko nytte, tvertimot.

Nyleg såg eg eit ordskifte frå Sverige. Dei tok for seg spørsmålet om kvifor dei sosialdemokratiske blada var so liete utbreidde. I Sverige røystar ikking 50 % av folket med sosialdemokratane, men blada deira har ikkje meir enn 20 % av utbreidninga. Dei fleste

S.

heldt på at det kom av at sosialistblada alltid var nøydde til å ha ein propaganda artikel, elles fekk dei ikkje tilskot av partifondet. Det er slikt folk reagerar mot. So det er ikkje berre me som er gamle som reagerar slik. - når eg ser at ei bok er utkomen på Lutherstiftelsens forlag, ^{buduu Nyl} so veit eg at den boka inneheld propaganda for det dei kallar eit kristent livssyn, anten det no er ein roman a la Per Hilleren, der han eller ho vert omvend i siste akt, og liver lukkeleg vidare eller det er ein avhandling om ein eller annan slags moral, med motto utan Vårherre nyttar det ikkje. Eller vikebladet Nå, som agiterar for gammal liberalisme, og Aktuelt som alltid har skjult propaganda for det rådande parti i ei eller onnor form.

For ikkje å snakke om Produsenten. ~~Eg kan ikkje skjonne anna enn at det er alle desse sentralane~~ Kjøtt og Fleskesentralen Meierieksporslaget, Eggcentralen, Garnarhallen som betalar for det bladet, for meir utilslørt propanganda finst ikkje. enn det som står i Produsenten. ^{Mitt opp til propaganda!} Eg er på lang veg samd i det som stortingskvinnen med kvinne og mannsnamn, ja det er ikkje eg som har funne på dette med Rakel Severin, eg høyrdet det no ein dag av einmann som vart forarga då han hadde høyrt henne i radio, denne kjerringa med kvinnfolk og karmannsnamn sa han. sjøl kunde eg i farten ikkje hugse andre som hadde kvinne og mannsnamn i blanding enn protesjeen til Hans Gjerde Jesus Maria Hans. ^{Mykje} ja eg er samd med henne i at det finst dåhederlige folk blandt dei private slaktarar kjøpmenn og egggrossistar og.

+ + + *

For eit par dagar trefte eg på ein slik melding i eit blad:Lanbruksdepartementet innskjerpar at avkastninga frå kollektivbruka i det store og heile ligg mykje under normalen, og meiner at feilen ligg hjå dei ymse styrarane av bruken som set personlege og lokale omsyn framom staten sine. Ei slik framferd er ikkje rett, avdi det kan bli mangsel på mat for befolkningen dersom dette ikkje blir betre.

Ja dette er ikkje frå Noreg. De trur vel at det er frå Sovjet eller Kina, men det er frå Sjekkoslovakia, eit land som tidlegare flaut av mjølk og honning.

Slike tongangar høyrer ein ogso frå Sovjet og Kina, og som regel sluttar dei med ei påminning om at ein må arbeide med den rette innstilling. Kollektivbruken skal gje meir avkastning, for etter Marx lære er det den mest fulldomme form for samarbeid. Dersom kartet ikkje då stemmer med terrenget, so er det terrenget som er feil.

Eg har med interesse lese ein reportasje som ein svensk korrespondent hadde frå eit kollektivbruk utanfor Moskva. Med interesse, for det stemde akkurat med det eg hadde fått fortalt av russiske fangar. I Sovjet er det staten som eig jorda, og i kollektivbruken bur dei i landsbyar med jorada kring seg til alle kantar. Kvar familje far kan få leige eit jordstykke på 2,5 dekar, ikkje meir, som han kan stelle med som han sjøl vil. Der kan han dyrke katarska Kartofler og mahorka, tobak eller poteter, og kapusta Kål, til seg og huslyden, ja han kan sette opp eit uthus og hald ein eller 2 griser for året. I Ukraina har ~~ha~~ kvar mann 2 griser, var det ein ung ukrainar som sa til meg, ein stor og ein liten. Når den store vert stor nok slaktar dei han og kjøper ein ny liten. Alle kollektivarbeidarar som eg snakka med, tykte det var gromt med dette vetle jordstykket, og den svenska korrespondenten, som tok det svært statistisk, fann ut at huslydane på kollektivbruket hadde meir innkome av dette stykket på 2,5 dekar enn av arbeidet på kollektiven. Om sommaren var arbeidstida lang, om vinteren hadde dei ikkje arbeid åt alle, men heller inga fortenesta. Det var ikkje vanskeleg å få ut av russarane korleis fortenesta var. For eit dagsverk fekk dei frå 3 til 5 kg brød, etter so godt som bruken vart drivne. Kvifor tok dei betalinga i brød, ikkje i pengar? Dei var tryggare når dei kunde ete opp betalinga med det same, elles kunde dei misse den. Eg hadde nett mist ein matpakke som eg hadde med meg og gjorde merksam på dette som vakte nokso mykje oppstyr i

gjengen. Du misser maten din når du heng han opp i eit tre, seier han hadde du gjøymt han i wagen so hadde du ikkje mist han. Russarane likar å uttrykke seg i likningar. Det var kommissaren som stal frå dei. Tok dei arbeidsløna i pengar so gjorde han trekk for eit eller anna, og tok dei løna i korn, so kom kommissaren og beslagla det. *Tuoninen*

Når det vart so lite utbytte av bruka so kjem det seg først og fremst av at Staten skal ha so mykje i leige for jorda, dernæst at dei har salsplikt til Staten for eit visst kvantum til billegr pris.

Men det var ikkje vanskelegare å få ut av russarane at dei var late og arbeidde lite, dei ~~wildes~~ hadde ikkje noko for det likevel. Stal gjorde dei der og, dei fleste grisene vart oppfødde på poteter eller korn som dei hadde stole frå kollektiven.

Eg har snakka so mykje om dette avdi det er tydeleg at den kriza som Sovjet, Kina og Sjekkoslovakiet er oppe i no utan tvil heng saman med systemet. Det nyttar ikkje kor mykje dei skjeller på sviktande samfundsmoral som krutsjov gjer, terrenget let set ikkje forandre. Han lyt nok forandre kartet.

Det ligg nær i spørje: Eum være Kollektive institusjoner da?
 Det har orre møte i Nasl. Salslap, og eg spørkjer sjølv om denne org. formgang og trivel. Ni røynde fra U.S. er so di over 30 år gammal. Rep van ned på skipsmøte i 1916. og var mellom i 10-12 år. ~~og~~ Nå gikk eg ut. Rep hadde ikke såd
 a sta der. Nå Produkten lasta so på dei private Østlandslauar
 so vel spesielle: Dei har alltid behandla meg korlekt. Det kan eg ikke sei om bondenes eiga organisasjon.
 Men kom sagt: Dette er min erfaring og den skal de intgi rette trykk etter. Det er truleg dette slipp i U.S. einn det var for 30 år siden. Enda eg trykkjer du har same blapunala so som da, og far same overlyne over på dei, so det kan vere bra at også U.S. har sine konferansiar.

Det er ein institusjon som kalla seg ~~Oppsalhallen~~^{8.}.
Denne kom et tilfeldigvis borti for eit på den sida. Det har fått ei
-10 prosent, so mykje me har egg spøke og litt til overs. Og når me
sle ut ville ellers ta, so er det et om ekal fallelett prisar.

Alle i et døg
Yer, han de vel godt merke til alt som er skjedd om
fuktmonetraaden. ~~Monopoli~~ ^{Monopoli}; handaup og bokmøn har gatt inn
i Brattmarkallen, og Brattmarkallen maktar ikkje i oppgjeve all
fukt. ~~Besøkstan~~ ^{Monopoliene} maktar i Kjøpe av ^{Brattmarkallen}, du vil
prøve å hindre at den får monopol på fuktbutikken i Hovey.
Resultatet er at Brattmarkallen må løp ut til laipare og laipar
prisar, og dette går ut over produsentane, som i år med det bleste
fuktet i manns minne, berre fin tap. Prisen ^{er} ~~er~~ så lage at
fuktbutikkene tverr ikkje kommer dit. Det er full panikk
blant fuktbutikkane etter ~~dette~~ diskusjonen på mota i døme.

Men dei kollektive institusjonane er knapt noko
lengre på avsetningsproblema. Yrjolkesektorane er det fullt
monopol på omsetnaader i Melientralen, og likevel er det øvel
dei bader kjem til å mota dei største skuffelsane, etter
som dei belugar, det mytta ikkje lenger berre med retten
av smør og chumanijsjh. Prisen må ned, i alle fall for
ein del av yrjolka.

Det ser ut som konsumentane reaguar kraftigt mot
monopolskipingane ved å kli ned forlukket. Det hava
vært med vist leirale bilsym.

D:

Det var slett ikke meimma mi å komme med så pessimistiske betrakninger som de har fått i kveld. Bonden har omsetningsvanskar, i heile Vest-Europa ^{og USA} er det oversproduksjon. Men del av ikke ^{vene} gelse: Polen, Sovjet og Kina, der dei har knapt om mat.

rei utjáning mellom landa med overskot og dei med underskot må ein få til, og då er vi ikke overskottsløkk. I mellomtida faj me gjølv brukle so mykje av vart eige at me på den måten kan mohverke at oversproduksjonen verkar so hardt. Bruk meri mjølk, smør, ost, egg, flesh, kjøt.

Allso over til bondekosten.